



Trollskogen barnehage Ikenberget BA  
Stølen 13  
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1867 - 14/22051

Saksbehandlar:

Jorunn Nøttveit Moen

JNO@lindas.kommune.no

Dato:

29.09.2014

## Kommunalt tilskot for 2014 - nytt vedtak

I tidlegare vedtak datert 27.1.2014 hadde kommunen redusert barnetallet med 2,56 store barn og kutta tilskotet tilsvarande. Fylkesmannen i Hordaland har i liknande tilfelle oppheva vedtaket om kommunalt tilskot og sendt saka tilbake til kommune for ny behandling. Lindås kommune legg same praksis til grunn i denne saka og fattar nytt vedtak om kommunalt tilskot for 2014.

I nytt vedtak får Trollskogen barnehage Ikenberget BA tilskot for det tal barn som er rapportert i årsmeldinga pr 15.12.2013.

Nytt tilskot for 2014 er rekna ut til 10 918 186 kr.

For perioden januar – september har de fått utbetalt 7 999 054 kr. Ved å avrekne dette mot tilskotet for heile året, blir det att 2 919 132 kr for perioden oktober – desember. For perioden oktober – desember vil de få utbetalt 973 044 kr pr måned.

Endeleg avrekning av tilskotet for 2014 vil bli gjort når kommunen sin årsrekneskap for 2014 ligg føre. Avrekninga vil bli korrigerd i tilskotsutbetalinga for juli 2015.

Vi gjer merksam på at barnehageeigarar som gjennom året tek imot høgare tilskot enn det er tilskotsgrunnlag for, anten må betale tilbake eit tilsvarande beløp, eller får trekt frå beløpet ved utbetaling av tilskot ved eit seinare høve, eventuelt i samband med utbetalinga for året som kjem.

Vi gjer også merksam på at Lindås kommune kan omgjere vedtaket dersom vedtaket inneheld reknefeil eller andre faktiske feil, jf. forvaltningslova § 35, femte leddet.

Barnehageeigaren kan klage til fylkesmannen over Lindås kommune sitt vedtak innan tre veker etter vedtaket er kunngjort, jf. forvaltningslova § 28 og 29. Klagen skal sendast via Lindås kommune, jf. forvaltningslova § 32. Barnehageeigar har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27 tredje ledd.

---

### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733  
56 37 50 00

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Vi tek atterhald om at fylkesmannen og Riksrevisjonen kan kontrollere at tilskotsmidlane blir nytta etter føresetnadene, jf. Løyvingsreglementet § 10 og lov om Riksrevisjonen § 12.

Med helsing

Jorunn Nøttveit Moen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Trollskogen barnehage Ikenberget  
BA

Stølen 13

5911

ALVERSUND